



Arkiv nr:

Sak nr 41/2021

Møtedato: 24.11.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Overføring av tilleggsjorde: 94/1/985, Nøsen

Knut Ingar Grefsrud har søkt om å overføre tilleggsjorde 94/1/985 over til Audun Fystro – G/Bnr 83/1. Fystro har stølsjordet 94/1/821, som ligg nært til dette omsøkte tilleggsjordet. Han driv i tillegg med mjølkekyr, slik at det er aktiv drift på garden.

Grefsrud og Fystro har ei avtale om denne overføringa, og dette vil kunne gje rasjonell drift for Fystro med at tilleggsjordet ligg såpass nært sin eigen støl.

Grefsrud har lagt fram kvittering på drift på tilleggsjordet, slik at dette i utgangspunktet dermed ikkje er falt i det fri. Imidlertid er gjerdet revet rundt tilleggsjordet, og dette talar for at det kan falle i det fri om kort tid. Ein føresetnad for overføring er at det vert sett opp att nytt gjerde innan kort tid.

Når det gjeld overføring av tilleggsjord, står et følgjande veiledning i fjellstyrehandboka:

Etter fjelloven § 20, 2. ledd kan utvist tilleggsjord, med samtykke fra departementet (delegert til Statskog SF), overføres til bruk for annen eiendom med beiterett i statsallmenningen. Fjellstyret skal behandle saken. Det er en forutsetning at retten til utvist tilleggsjord ikke har opphørt gjennom manglende bruk. Dersom retten til utvist tilleggsjord har opphørt skal saken behandles som en ny utvisning.

Saka er oversendt Statskog for uttale, der det er komme følgjande:

Det er ok for Statskog at arealet overføres til den landbrukseiendommen som har fnr. 821. Etter hva jeg kan se så er det gnr. 83 bnr. 1 som er tilhørende landbrukseiendom her og ny erklæring om utvisning av tilleggsareal må utarbeides, jf. seterforskriftens §20.

Oppsummert finn administrasjonen å vere positiv til saka, og tilrår overføring som omsøkt.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §20, 2. ledd i Fjelloven/stølsforskriften § 20 søknaden om overføring av tilleggsjorde 94/1/985 til Audun Fystro, G/Bnr 83/1.

Føresetnad er at det vert sett opp att gjerde snøggast mogleg løpet av 2022.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter §20, 2. ledd i Fjelloven/stølsforskriften § 20 søknaden om overføring av tilleggsjorde 94/1/985 til Audun Fystro, G/Bnr 83/1.

Føresetnad er at det vert sett opp att gjerde snøggast mogleg løpet av 2022.

Samrøystes vedteke

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.11.2021

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Statskog
Vestre Slidre kommune